



*Etter adresseliste*

*Saksbehandlar, innvalstelefon*

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

## Referat frå informasjonsmøte om supplerande naturvern i sørvestre Øygarden

### Tid og stad:

14. november 2023, kl 18.00-20.30. Nordsjøfartmuseet på Telavåg i Øygarden.

### Til stades:

Om lag 80 frammøtte. Grunneigarar, representantar frå lag og organisasjonar, lokalpolitikarar, miljøkonsulent frå Øygarden kommune.

Frå administrasjonen i Øygarden kommune: Sunniva Vatle.

Frå Statsforvaltaren: Solveig Roald og Magnus Johan Steinsvåg.

Invitasjon var sendt direkte til alle grunneigarane. I tillegg var møtet kunngjort i Vestnytt både digitalt og i papirformat. Møtet var også annonsert på nettstaden til Øygarden kommune og Statsforvaltaren i Vestland.

### Føremål med møtet:

Å informera om forslag til kandidat område for supplerande vern i sørvestre Øygarden. Vidare bakgrunn for oppdraget og kva følgjer det kan få for grunneigarar og andre brukarar av området.

### Referat:

#### Orientering frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren ved Steinsvåg ynskte velkomen og orienterte om verneoppdraget. Situasjonen for naturmangfald globalt og lokalt i Vestland er dramatisk. FN sitt naturpanel (IPBES) av ekspertar skildrar ein situasjon der ein million av åtte millionar artar er trua, og mange av desse vil bli utrydda i løpet av dei næraste tiåra. Om lag 75% av landareala som leveområde for dyr og planter er sterkt endra av menneske og 85% av alle våtmarkene er allereie tapt. I Norge er 2 752 artar klassifisert som trua, og 599 av desse har Vestland som levestad. Om lag 90% av alle dei



trua artar i Norge er trua av arealendringar, og det er særleg nedbygging av natur og opphøyr av tradisjonelle landbruksformer som er årsaka til dette.

Å verna natur etter naturmangfaldlova kap II er det viktigaste verkemiddelet til å ta vare på leveområda hjå oss. Men til no har ein mest verna isbrear, fjell og høgareliggande område i Norge. Faglege evalueringar har vist at vernet til no ikkje er representativ. Det må vernast meir areal i låglandet og særleg langs kysten.

Derfor fekk Statsforvaltaren i oppdrag 30. oktober 2018 om å identifisera verneverdig natur som kunne egna seg for supplerande naturvern. Totalt 99 område vart spilt inn frå Vestland, og totalt 33 av desse var tilrådd for vidare arbeid frå Miljødirektoratet. Eit av desse er det aktuelle kandidatområdet på drygt 8000 dekar mellom Telavåg i nord, Kausland i aust og Golta i sør.

Kandidatområdet har mange svært viktige naturkvalitetar som samla sett gjer at det har stor verneverdi. Det er store inngrepsfrie areal med kystlynghei, myr og noko naturbeitemark. Kystlynghei er klassifisert som sterkt trua naturtype og naturbeitemark som trua. Det er også registeret ein rekkje trua artar. Området er i tillegg klassifisert som eit svært viktig friluftsområde.

Med vern vil forvaltinga få fleire moglegheiter til å stimulera til at ein tek opp att utmarksbeite med sau og brenning av lynghei og uttak av framande treslag som sitkagran. Økonomisk støtte kan også omfatte gjerdehald eller andre tema som i praksis er nødvendige for å skjøtta landskapet. Somme stader på dei merka turstiane har det over tid utvikla seg trakkskader og vegetasjonsslitasje. Særleg fuktige parti er sårbare. Eit vil vern vil gjer det lettare for forvaltinga å gjennomføre tiltak som kanallisering av ferdsle, etablering av klopper og andre tiltak for å redusera tråkkslitasje.

Grunneigarar har ved eit vern rett på erstatning dersom pårekneleg bruk vert forbode etter [naturmangfaldlova § 50](#). Dette vert handtert etter vernevedtak i regi av Miljødirektoratet.

Det er eit fåtal bygningar innafor forslaget til verneområdet ytst i Goltetundet. Desse vil kunna brukast som vanleg og vølast ved behov.

Vi ønskjer innspel på kandidatområdet så tidleg som råd sjølv om vi ikkje har starta med formell verneprosess endå.

Roald frå Statsforvaltaren gjekk nærmare inn på kystlynghei som naturtype, korleis den er blitt utforma, kvifor dette er viktig og trua natur, og faktisk òg ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52.

Kystlynghei er ein naturtype som treng aktiv skjøtsel med brenning og beiting. Det er ulike økonomiske støtteordningar til dei som ønskjer å ta vare på kystlyngheiene og skjøtta dei på ein tradisjonell måte. Med vernestatus vil det vere lettare å få økonomisk støtte og fagleg rettleiing til å drive utmarka med beiting og brenning.

### Innspel, spørsmål og svar

Etter presentasjonane vart det opna for spørsmål og innspel frå dei frammøte.

*Innspel frå salen:* Har tradisjonelt vore beitemark og lite lynghei på Golta, og i tillegg til sau hadde ein storfe på beite. Dei beste lyngheiene har tradisjonelt vore i dei meir sentrale delane av



kandidatområdet nord for Golta.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Med høgt antal dyr og meir intensivt beite vil grasmark ta over for lyngheiene, og såleis også motsatt ved redusert beite. Det er også stort erfaringsgrunnlag for at særleg storfe vil kunne trække sundt lyngplantene. Det er nok også forklaringa at lyngen har kome tilbake ein del stader på Golta.

*Innspeil frå salen:* Kartet som vart sendt ut med brevet tidlegare er grovt og det kan sjå ut til at forslag til vernegrense går inntil hus og over hagar til folk.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Vi har satt forslag til grensa i utmarka og ikkje nær bustadområde eller andre bygningar. Dette har vi også kvalitetssjekka etter dette informasjonsmøtet. Sjå avgrensing av kandidat område på nettstaden vår <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/>

*Innspeil frå salen:* Ein meiner at verneområdet går over areal som er satt av til bustadområde eller anna utbyggingsområde i kommuneplanen sin arealdel.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Ved avgrensing av området har vi tatt utgangspunkt i tilgjengelege registreringar i Naturbase og Artskart for å identifisere viktige område for naturmangfald. Vi har i tillegg bruk gjeldande plankart over kommuneplanen sin arealdel og sørgja for at vi ikkje har tatt med anna areal enn LNF-område. Dette har vi også kvalitetssikra i etterkant av dette informasjonsmøtet.

*Innspeil frå salen:* Det er mange som ikkje vil klare å gå på tur i dette området. Då er det viktig at det finst alternative turstiar, gjerne der ein kan gå med rullestol eller barnevogn. Ved å grusa stiane vil folk halde seg der og det vil ikkje føre til slitasje på vegetasjonen. Det er ønskeleg å etablere ny slik sti frå Spildepollen skule og inn i forslag til verneområde, der ein frå før har parkering og infrastruktur.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Å gå på tur og bevega seg er viktig for folkehelsa, og vi trur gjerne at det stemmer at folk i større grad vil halde seg på ein grusa sti. Og det å kanalisera ferdsle er eit godt grep for å redusera terrengslitasje, men å bruka grus vil neppe vere optimalt i fuktige område. Det er særleg viktig at vatn får renna naturleg. Med klopping og gangbane i våte parti vil vatnet renna under og såleis ikkje hindre eller endra den naturlege vassdynamikken i området. Vi ønskjer heller ikkje at vernet skal generera nye stiar – nye inngrep – som elles ikkje hadde blitt tillate utan eit vern. Derfor er vi i utgangspunktet skeptiske til å grusa stiar i forslag til verneområde. Som ein del av vidare arbeid ønskjer vi å få betre oversikt over kva stiar som finst i dag og kva status/tilstand desse har. Og så vil vernet gje oss moglegheit til å utbetra eksisterande stiar for å redusera påverknad på vegetasjon og dyreliv.

*Innspeil frå salen:* Vil vernet gjera det vanskelegare å organisera eller samla boss i dette området?

*Svar frå Statsforvaltaren:* Som for andre tema er vår erfaring av vernet vil gje ein del nye moglegheiter for både finansiering, men også logistisk støtte blant anna gjennom Statens naturoppsyn (SNO) til å gjennomføra viktige tiltak. Det skal ikkje vere vanskelegare å samle boss med eit vern, tvert imot.

*Innspeil frå salen:* Eit eldre ektepar som er grunneigarar fortalte om at dei vart svært glade då dei fekk brev om vernearbeidet. Dei har over mange år på eige initiativ utbetra turstiane i kandidatområdet. Dei er svært positive til vern av dette områda.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Takk for riktig god innsats og veldig fint med ei slik attendemelding.

*Innspeil frå salen:* Eit spørsmål gjekk på om det er slik at grensa for vernet vil ha noko å sei for kva aktivitetar eller kva som kan byggjast ut utanfor ei slik grense.



*Svar frå Statsforvaltaren:* I utgangspunktet ikkje. Ei vernegrense definerer også det juridiske området der verneforskrifta gjeld. Men dersom aktiviteten eller utbygginga er så nært eller på anna måte med kan få konsekvensar for verneverdiane i verneområdet må tiltaket vurderast særskilt ved sakshandsaming i kommunen [jf naturmangfaldlova § 49](#). Slik sakshandsaming vil vere etter plan - og bygningslova der også arealdisponeringa må sjåast i samanheng med verneområdet. Det kan til dømes vere areal utanfor som på sin måte er viktige som innfallsportar til eit verneområde.

*Innspel frå salen:* Vil det vere lov å brenna bål og grille pølse?

*Svar frå Statsforvaltaren:* Det er eit godt spørsmål, for i ein del naturreservat, særleg skogreservat har vi bålforbod i frykt for skogbrann. I dette området vil vi ikkje ha bålforbod, mellom anna fordi det er eit område der vi ønskjer tradisjonell beiting og lyngbrenning. Derfor vurderer vi konsekvensane av utilsikta brann i område som låge.

*Innspel frå salen:* Vil det vere mogleg å framleis ha leplantingar av siktagran kring husa?

*Svar frå Statsforvaltaren:* Reglane for verneområdet vil gjelde innafor vernegrensa, men ved gjennomføring av tiltak mot framande treslag som sitkagran, vil det også vere nødvendig å gå i dialog med eigarar som har sitkagran utanfor verneområdet. Det vil vere viktig for å hindre framtidig spreining. Leplantingar har sin funksjon og kan stå att, men det er viktig at eigarar sørgjer for at ein ikkje får spreining ut frå desse.

*Innspel frå salen:* Representant frå Hordaland Birøkerlag stiller seg positive til verneforslaget, og at vernet vil kunna gje ei satsing på skjøtsel av lyngheiene. Dei har også erfaring med at høg beiteintensitet fører til at lyngplantene kan forsvinne, som nok var situasjonen på Golta tidlegare.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Målet med vernet er blant anna å betre tilstanden til lyngheiene.

*Innspel frå salen:* Ein er positiv til verneframlegget og lurar på om det er aktuelt å verna endå meir enn kva som er føreslått no med denne avgrensinga. Eksempelvis gå vidare nordover over hovudvegen og mot Kørelen og ut mot Rokneset.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Vi er kjent med kvalitetane også nordover i dette området, men ønskjer med utgangspunkt i dette oppdraget å konsentrere oss om denne avgrensinga på kandidatområdet. Det er særleg dei sterke og kombinerte kvalitetane knytt til naturtypar, trua enkeltartar, friluftsliv og ikkje minst potensiale på å betra tilstanden for desse tema som gjer at dette kandidatområdet skil seg ut frå andre område i Øygarden. Det er likevel sannsynleg at vi vil få fleire oppdrag på vern frå Storting og regjering, i og med at Norge har signert [Kumming-Montrealavtalen](#) (naturavtalen) om blant anna 30% representativt vern innan år 2030.

*Innspel frå salen:* Vil ikkje eit vern kunna gje meir ferdsle og press på areala, og i tillegg til utfordringar med parkering?

*Svar frå Statsforvaltaren:* Vi er samd i den vurderinga, men med vernet vil vi i større grad ha høve til å ta grep og handtere dette enn utan eit vern. Også i dag er det mykje ferdsle og utfordringar knytt til «vill-parkering» ved innfallsportane til området. Vi ønskjer derfor etter vernevedtak saman med Øygarden kommune og aktuelle grunneigarar, å utarbeida ein Besøksstrategi slik at vi saman kan sjå på desse utfordringane. Det kan igjen gje grunnlag for finansiering for etablering av parkering, informasjonsmateriell og utbetring av turstiane der det er nødvendig.

*Innspel frå salen:* Om vernet vil setje stoppar for ein eventuell vindmøllepark i framtida? Og i såfall kor lang tid vil det ta før endeleg vernevedtak?

*Svar frå Statsforvalteren:* Ja, ved eit vern vil det ikkje vere mogleg med nye utbyggingar i området. I så fall må vernet opphevast ved kongeleg resolusjon noko det ikkje er presedens for. Vi ser for oss at dersom det ikkje dukkar opp store overraskingar med tanke på tema som må utgreiast



eller avklarast særskilt, så håpar vi å melde formell oppstart av vernearbeid etter [naturmangfaldlova § 42](#) i løpet av vinteren 2024. Då kan eit ferdig høyringsutkast med kart og vernereglar sendast på høyring før sommaren og ei tilråding frå Statsforvalteren til Miljødirektoratet tidleg haust. Då er det opp til Miljødirektoratet og departementa kva tid endeleg vernevedtak vil kome, men det er ikkje usannsynleg at det kan bli til jul 2024.

Innspel frå salen: På spørsmål frå Steinsvåg til frammøtte om dei har noko gong vore med på lyngbrenning i området, svare fleire at det hadde dei. Mellon anna ein som hadde vore med bestefaren på 1950-60 talet. Tilstanden til lyngheiene viser at det er lenge sidan det har vore brenning og beite, og det er derfor ønskjeleg at det aktiviteten vert tatt opp att.

Statsforvaltaren har tilbydt seg å kome og informera om dette oppdraget og forslag til kandidat område til politisk leiing i Øygarden kommune.

Referent: Steinsvåg og Roald.

Med helsing

Stein Byrkjeland  
fagdirektør

Magnus Johan Steinsvåg  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Øygarden kommune

Ternholmvegen 2

5337

RONG



## Adresseliste

KAUSLAND INGE  
KAUSLAND HARALD ARTHUR  
VAKSDAL HANNE GOLTEN  
GOLTEN KJERSTI  
HAUGSDAL RAYMOND  
GOLTEN PEDER KNUST  
GOLTEN EDVIN KÅRE  
THUE JØRGEN GOLTEN  
THUE HELGA GOLTEN  
GOLTEN SIGNE HELEN  
SELSTØ RIKARD BERTIN  
SELSTØ HILDE M MOEN  
SELSTØ ROLF GUNNAR  
THUEN KJETIL  
THUEN ANITA  
BAKKE GERD SYNNEVA  
REFVIK INEZ MARIE HOLVIK  
REFVIK FINN RAINER  
MELAND DAG SVERRE  
MELAND ARNE  
THODE JON-ARNE  
GOLTEN INGRID  
GLESNES HENRY ANDREAS  
GOLTEN ELIN  
GLESNES HARALD  
ROGNE ANNA BOTILDE  
VABØ ANNE MARIT  
VABØ KÅRE  
TVEIT HANS KRISTIAN  
BILDØY ANNLAUG  
ANGELTVEIT TOMMY  
BRU NINA MERETE  
GLESNES JONN ARNE  
SKJELLEVIK SVEIN ARNE  
MORTENSEN JANETTE  
VILLANGER SVEIN OLAV  
VILLANGER MARIT KARIN  
FJELL STÅLE  
TELLE ANNE KRISTIN  
HUMMELSUND KARI  
KALLESTAD HALVARD ANTON  
HAFVER ELI KARIN GLESNES  
GLESNES SUSANNE  
ØVRETVEIT SIRI  
KAUSLAND KENNETH  
VOLLEN BJARNE HENRY  
BLOMVÅGNES-BAKKE BENTE  
BLOMVÅGNES-BAKKE HANS A  
GLESNES EINAR KÅRE  
HØYLAND KÅRE INGMAR  
SANGOLT IVAR EMIL  
GOLTEN NORVALD MAGNAR  
PEDERSEN SVERRE  
LITLERE ÅSGEIR  
HØYLAND JANNICKE  
KAUSLAND ANDRÉ  
KAUSLAND KRISTIN  
KAUSLAND BÅRD  
KAUSLAND JOHAN BERNT  
KALVE BENTE  
KAUSLAND MONA  
KAUSLAND LINDA  
HOPLAND GUDRUN KARIN  
SØREIDE OLAV  
GOLTEN ARNE  
GOLTEN HELGE SVERRE  
GOLTEN OLE  
GOLTEN ODDVARD  
GOLTEN HÅKON TORE  
ASPHAUG AUD KAROLINE  
ASPHAUG ARNOLD KARL  
ASPHAUG ARILD  
SELSTØ LISBETH  
SELSTØ TROND INGE  
SELSTØ RONNY  
MIDTTVEIT GUNN ANITA  
SELSTØ KENNETH  
SELSTØ ROY  
SELSTØ KURT JARLE  
SELSTØ INGMAR  
SELSTØ GLENN